

# ISFLAKET

Organ for Ishavsmuseets Venner.  
Nr. 1/2000 Februar 2000.

## Årsmøte i Ishavsmuseets Venner :

Laurdag 18. Mars 2000

Klokka 17:00

På Ishavsmuseet.

Etter årsmøtet vert det festleg samankomst.  
Kåseri – Tenåring i eit ishavsmiljø - Svein Røyseth,  
Hakapikane, kaffi og kaker mm.

## Hei!

Vi treng mykje dugnadsfolk til maling, snekring og mekking på "Aarvak" og i museet. Er du ein av dei som ikkje har vore spurt og kan tenke seg å gjere ein dugnadsjobb, er du hjartelag velkommen. Vi har det veldig triveleg, og matyktene i messa er eit oppkome av artige historier.

Du kan ta kontakt med dugnadsleiar Liv Skarbakk på tlf. 700 93 100

## "Sælbarden"

I førre nummeret av Vennebladet undra Magnus Sefland seg over namnet "Sælbarden".

Redaksjonen har fått henvendelsar på dette frå Richard Bergh og Jostein Hovland. Dei meinar begge at namnet ikkje kjem av det spesielle spiseredskapet som enkelte kvalartar har. Dei meiner begge at namnet tyder **Selkysten**. Då får namnet straks ei anna mening.

Altså barden tyder kysten, som i Svalbard som tyder "Landet med dei kalde kyster".

Styret i Ishavsmuseets Venner:

Bjarne Brandal- formann, Lars J. Brandal – nestformann, Hilde Landmark – kasserer,  
Arnfinn Karlsen, Johannes Alme, Liv Skarbakk, Ottar M. Brandal  
Ishavsmuseets Venner, Postboks 20, 6062 BRANDAL

## Helsing frå styreformannen i Ishavsmuseet.

Alle som i ulike samanhengar har vore med på å ta eit ”tak” for Ishavsmuseet, frå arbeidet med grunnen starta og fram til i dag, har stor grunn til å glede seg. Det har blitt det minnesmerke og det museum som vi håpte på vi skulle få til, men stundom tvilte på om det var mogleg. Så får vi berre gløyme ein del og glede oss over resultatet.

Det vart ein svært god start, mange nytta høve til å besøke Brandal og museet. Mange lovord har det vore å høyre. Eit imponerande museum i ei vakker og velstelt bygd.

Det er mange einskildpersonar eg her gjerne skulle drege fram og takka spesielt for den innsatsen dei har gjort for Ishavsmuseet Aarvak. Men eg vel her å la takka gå til alle som har hjelpt til med pengar, dugnad og gode råd. Utan denne hjelpa hadde ikkje museet kome så langt. Eg er imponert over den velvilje, innsats og givarglede som har vorte vist. For meg og styre har dei tyngste taka vore å få økonomien på plass. Vi starta nok vel optimistisk, det har knaka på underves, men no kan vi puste noko lettare. Så langt. Sjølv i våre dagar skal det litt til å tigge ei 4-5 mill kroner. Men at vi no ser fram i at det som er utført til denne tid på det nærmeste er finansiert gir oss ikkje grunn til å stoppe opp svært lenge. Nye oppgåver ventar. Det neste tunge løftet no vert hus over ”Aarvak”. I desse dagar jobbar vi med utarbeiding av teikningar om korleis dette kan gjerast på den mest praktiske, vapraste og ikkje minst rimelegaste måten. Med det første skal styret drøfte løysingar og bestemme seg for vidare framdrift.


Men så kjem det store spørsmålet: PENGAR. – Mykje pengar -. Vi føler stundom at vi har brukt opp kildene, men vi må berre prøve å gå nye vegar og tenke nytt. ”Aarvak” MÅ under tak. Det vil koste 2-3 mill. kroner.

Elles er det gledeleg å sjå den ivrige dugnadsgjengen som er ombor i ”Aarvak” Det vil verte ein fin tilvekst til museet. Og for dugnadsgjengen er det vel berre slingringa som manglar, elles har dei nok opplevd mang ein ishavstur.

Styret har elles fatta vedtak om at det i første høgda ned mot sjøen skal lagast til for tunge gjenstandar som motorar ol.

Det vil også verte eit rom og ei samling som vil styrke museet når det vert ferdig. Den daglege drifta går svært godt under Webjørn si leiing, og vi får håpe at ”støttegruppene” vert og finne på museet også komande sesong, og at komande sesong også blir god for Ishavsmuseet i Brandal

Einar Holm  
-styreleiar-



## ISHAVSSKUTA "SIGNALHORN"

Av Magnus Sefland

Ishavsskuta "Signalhorn" vart bygd av tre ved Hans Gravdals båtbyggeri i Opsanger i Sunnhordland i 1914. Skuta fekk namn etter eit fjell i reiaren Peter S. Brandal si heimbygd. Ved bygginga fekk skuta desse måla: 86.6 x 21 x 8.8 ft/ 96 brt. Det vart montert ein 2-sylindra compoundmaskin på 74 indikerte hestekrefter, bygd av Brunholmens Mekaniske Verksted i Ålesund. "Signalhorn" var ein typisk representant for dei mange dampkutterane for ishavssdrift som vart bygde under første verdskrig.

"Signalhorn" høyrde heime i Brandal i rundt 65 år. Gjennom åra tilhøyrde ho fleire av dei ulike eigarselskapa som familieforetaket til Peter S. Brandal og Martin Karlsen disponerte. Då merkeregisteret for fiskefartøy vart innført i 1920, fekk "Signalhorn" merket M 9 HD.

Då Peter S. Brandal og samarbeidspartnerane frå Ålesund i 1916 gjorde den første turen til Kongsfjorden på Svalbard for å finne ut om kolførekomstane der var drivverdige, var "Signalhorn" eit av fartøya. Skipper var Johan P. Brandal. Denne turen var med på å legge grunnlaget for gruvedrifta i Ny-Ålesund.


"Signalhorn" gjekk i den lange tida ho eksisterte gjennom fleire større ombyggingar. I dei seinare åra hadde ho ein rana baug, men hadde framleis kutterhekk. "Signalhorn" var forholdsvis tidleg ute med å få skifta ut dampmaskinen. I 1934 vart den erstatta av ein Wichmann semidiesel på 150 hk. I 1952 fekk skuta montert ein Crossley diesel på 450 hk, og i 1974 vart denne igjen erstatta av ein Wichmann diesel på 600 hk.

Skuta var årvisst på fangstturar til Kvitsjøen, Vestisen og Danmarkstretet. I tillegg kom dei vanlegaste fiskeria ved norskekysten og ved Island.

Både i mellomkrigstida og etter andre verdskrig vart "Signalhorn" brukt som ekspedisjonsfartøy for ei rekke ulike ekspedisjonar til arktiske strøk, m.a. fleire britiske ekspedisjonar til Grønland og Jan Mayen. Skuta var m.a. ekspedisjonsfartøy for ein ekspedisjon til Jan Mayen for universitetet i London i 1961. Skipper var Bjarte Brandal. Elles var "Signalhorn" på oljeleiting på Svalbard for oljeselskapet Caltex i både 1960- og 1970-åra, blant mykje anna.

For ei skute som vart såpass gammal vart lista over skipperar som stod om bord nokså lang og inneheld mange solide skippernamn. To av dei er alt nemnde. Den skipperen som vart nærmast knytt til "Signalhorn" var truleg Johannes Aksnes, dalsfjordingen som var busett på Nordmøre.

Då "Signalhorn" vart kondemnert som ishavsskute i 1979, hadde ho måla 103.3 x 21.6 x 10.5 ft/ 133.3 brt. Skuta vart seld til interessentar i Risør, som var interesserte i den "nye" hovedmotoren. Etter at motoren og anna utstyr var fjerna, vart "Signalhorn" senka i nærleiken av Risør.



## NY BOK OM ISHAVSFARTØY.

Johan Ottesen: Ishavsskuter.

Det er ei grundig og god bok med eit tiltalande ytre som Johan Ottesen har gjeve ut. Gjennom val av framsidebilete framhevar Ottesen kontakten mellom dei ulike ishavsmiljøa på Sunnmøre: "Furenak" fekk namn frå Brandal og hadde i si første tid tilhald der. Men den lengste tida hadde skuta i Vartdal, med VD-merket på baugen og Aarseth-merket i skorsteinen.

Boka har mange flotte bilete. Ein merkar seg også bruken av biletene som eksisterte over lengre tid er det teke med biletene frå både tidlege og seinare faser. Til dømes er "Signalhorn" koma med i tre nokså ulike versjonar.

Men biletene i boka tyder også på at Ottesen i første del av den aktuelle perioden har operert i grenseområdet for kva det finst biletene av. For ein del fartøy har Ottesen måttet ty til avfotografering av måleri, teikningar og modellar. Som ein variant har han brukt fotografi frå tida etter at fartøya hadde gått ut av ishavdrifta. Når Ottesen ikkje har greidd å spore opp gode fotografi av ishavsversjonane av desse skutene, er det vel heller tvilsamt om dei i det heile teke finst.

Boka har ikkje med så svært mange biletene av forlissituasjonar. Men dei som er komne med talar sitt tydelege språk om naturen sin brutalitet. Den store katastrofen i Vestisen i 1917 er dekt i omtalen av "Lunheim".

Det er komne med ein del biletene som viser heile mannskap eller grupper frå mannskapet. Somme biletene, heilt tilbake til 1917, har med namna på personane som viser på biletene. Dette er rettelege godbitar. Ved andre slike gruppebilete manglar namna. Det reduserar verdien av biletene noko.

Ottesen tek med ei drøfting av opplysningane om dimensjonane på fartøy, byggjeår, overdraginger og eigalarar. Det er bra, for dette er eit felt der det truleg er mykje uklart og mange mistydingar.

Fartøya blir presenterte under byggjenamn. I nokre tilfelle var fartøya meir kjende under seinare namn. Boka har innhaldsliste der dei seinare namna er førde opp i parentes bak byggjenamna. Boka har også eit fartøyregister der dei seinare namna står med tilvisinger til byggjenamna. Dette gjer at boka er lett å bruke som oppslagsbok.

Ottesen har i stor grad halde seg til protokollar av ulike slag, sjøforklaringer og avisar som kjelder. Dette gjev også eit visst innsyn i ein del forretningsmessige disposisjonar, særleg i krisetidene. Men for fleire av skutene har Ottesen også nytta seg av munnlege kjelder som går tilbake til 1930-åra. Framstillinga er nøktern, så nøktern at noko av dramatikken nesten forsvinn. Men ishavsfolk var vel ofte slik med omsyn til dramatikk: det er ikkje noko å snakke om, sa dei.

Eg har ei kjensle av at skipperane kan ha vorte litt for anonyme. Burde ikkje skipper Johan S. Brandal - Hau-Johan - ha vorte nemnd under omtalen av "Aarvak"? Dei mest uthaldande og mest fargerike skipperane kunne med fordel ha fått ein kort presentasjon saman med dei skutene som dei var nærmast knytte til.

Ottesen har avgrensa boka til å gjelde ishavsskuter som hørde heime på Søre Sunnmøre før 1920. Med den avgrensinga har han fått med nokre av dei mest seigliva skutene. Det var dei som vart bygde under eller før første verdskrig og som var i teneste til rundt 1980. Med denne avgrensinga ligg også vegen open for bøker om skuter som kom til i same distriket etter 1920, og om skuter frå resten av Sunnmøre både før og etter 1920. Dersom Ottesen går vidare på den vegen, har vi mykje å glede oss til.

Magnus Sefland

## Kjære Ishavsvener!

Eg er glad over å ha blitt medlem i Ishavsmuseets Venner, og også for å vere tilbake til mitt opphavlege miljø.

Litt ishavsfartstid har eg: Stretet i 1949 med "Brandal", New Foundland 49-52 med "Polarstar", 61 – 62 med "Polaris" / "Polarhav". Fine turar med mange minner.

Liv Skarbakk spurde meg om eg ville skrive litt her i Vennebladet, og då kan eg begynne med ei lita koslig historie då eit eskimopar vart vigde ombord i "Polarstar".

"Polarstar" var chartra av Grønlandske Handel i København om sommaren i begynnelsen av 1950-åra, og vi gjekk med utstyr og folk til radiostasjonane på Aust-Grønland. Det var ei opplevelsesrik fart, inn og ut desse fjordane med sin fantastiske natur, og sitt rike fugle og dyreliv. Veret var som regel fint med klar luft og midnattssol og isen var aldri noko problem for "Polarstar". Det hende at vi første turen kanskje måtte losse på isen før fjorden hadde gått opp, då vart lasten dregen inn til land på hundesledar. Eskimoane deltok aktivt i arbeidet, både karar og kvinner, allikavel var det "dansemikk" om kveldane. Eskimoane var glade og gjestfrie folk.

Scoresbysund var den største stasjonen der på denne tida. Og ein gong vi var ferdig utlossa der skulle vi gå lengre inn i fjorden til ein liten buplass med noko last. Då kom presten ombord og spurde skipper Kristoffer Marø om han kunne få bli med saman med ei brud som skulle dit inn og gifte seg. Marø var som alltid positiv, og sa at vielsen kunne godt ver i salongen ombord. Bruda kom ombord fint pynta med buksedrakt, ho hadde litt problem med magen for ho var tydeleg "nødd å gifte seg" som det heitte på den tida. Ja, naturen gjekk sin fine gong også på Grønland. Då vi kom inn til buplassen begynte vi å losse med ein gong. Nokre eskimoar var i romet og etter ei stund kom presten å ropte ned, og ein kar kom opp å vart med til skippersalongen. Her vart paret høgtidleg vigsla. Dei fekk ei stor konfektøskje av skipper Marø, og han fekk ei fin skinnhue av kvitrev skinn for sinn velvilje. Etter seremonien gjekk brudgommen tilbake til romet og fortsette lossinga. Kveitebrødsdagane fekk vente. Men det såg ut til å ver eit lukkeleg par som hoppa ned i konebåten då vi var ferdig å losse.

Det var ein litt uvanleg opplevelse på ei ishavsskute dette, men du verda kor kjekt at slikt skjer. Vi fortsatte utover til Scoresbysund og sette presten iland og for vidare langs denne fantastiske kysten. Neste stopp var Aputitek-øya.

Hermann Bakke



*Kjære medlem.*

***INNKALLING TIL ÅRSMØTE LØRDAG 18. MARS  
2000.***

***I HENHOLD TIL VENNEFORENINGAS VEDTEKTER § 3  
INNKALLES HERVED TIL ÅRSMØTE LØRDAG 18. MARS  
2000 KL 1700. TIL BEHANDLING FORELIGGER:***

***1 FORSLAG TIL DAGSORDEN***

- 2 Årsberetning
- 3 Revidert regnskap og balanse for tiden 10.10.98 – 31.12.99
- 4 Revisors beretning
- 5 Budsjettforslag for år 2000
- 6 Fastsettelse av medlemskontingent
- 7 Valg. Valgkomiteens forslag
- 8 Adgang til meningsytring om Venneforenga sitt arbeid.  
I tilknytning til årsmøtet vil det bli holdt et kort foredrag og festlig sammenkomst og underholdning.

Brandal 18. februar 2000.

Med vennlig hilsen  
For styret i Venneforeninga

Bjarne J Brandal  
Leder.

Vedlegg: Årsberetning, regnskap og ballanse, budsjettforslag, forslag fra valgkomiteen.

# ÅRSMØTE I Ishavsmuseets Venneforening 18. mars 2000 kl 1700


## DAGSORDEN:

- 1 Godkjenning av innkalling
  - Valg av ordstyrer og referent
  - Valg av to personer til å underskrive protokollen
- 2 Godkjenning av dagsorden
- 3 Årsberetning for 10.10.98 – 31.12.99
- 4 Resultatregnskap og balanse for 10.10.98 – 31.12.99
- 5 Revisors beretning
- 6 Budsjett for 2000
- 7 Fastsettelse av medlemskontingent
- 8 Valg. Valgkomiteens forslag vedlagt
- 9 Fastsettelse av tid og sted for neste årsmøte.

Brandal 18. februar 2000

For styret i Venneforeninga

Bjarne J Brandal  
Leder



ÅRSBERETNING  
FOR  
ISHAVSMUSEETS VENNEFORENING  
10.10.98 – 31.12.00

**1 STYRET.**

*Styret har i perioden bestått av:*

<i>Leder:</i>	<i>Bjarne J Brandal</i>	<i>(valgt for 1 år)</i>
<i>Nestl:</i>	<i>Lars J Brandal</i>	<i>(valgt for 2 år)</i>
<i>Styrerep</i>	<i>Arnfinn Karlsen</i>	<i>(valgt for 2 år)</i>
"	<i>Liv Skarbakk</i>	<i>(valgt for 1 år)</i>
"	<i>Johannes Alme</i>	<i>(valgt for 1 år)</i>
<i>1.vararep.</i>	<i>Hilde Landmark</i>	<i>(valgt for 1 år)</i>
<i>2. "</i>	<i>Ottar Brandal</i>	<i>(valgt for 1 år)</i>
<i>Revisor</i>	<i>Oleif Eiken</i>	<i>(valgt for 1 år)</i>
<i>Valgkomite:</i>	<i>Nils N Pilskog</i>	<i>leder valgt for 1 år</i>
	<i>Ola Pilskog</i>	<i>medlem valgt for 1 år</i>
	<i>Kjellrun Veiseth</i>	<i>" " " 1 år</i>
<i>Vennebladet:</i>	<i>Johannes Alme</i>	<i>redaktør</i>
<i>Dugnadsleder</i>	<i>Liv Skarbakk</i>	

*Sekretariat Styret med assistanse av Karl Ivar Kongshaug*

*Nestleder for Museumsstyret, Else Karlsen er utpekt som kontaktledd til styret i Venneforeninga og har deltatt på alle styremøter. Bestyrer Webjørn Landmark har deltatt og gitt orienteringer etter avtale.*

**2 ETABLERING AV VENNEFORENING.**

**15. juni 1998.**

*Etter ønske fra grunder og bestyrer Henrik Landmark ble det sendt invitasjon til en gruppe tentativt interesserte ishavsfolk om å møtes for å drøfte muligheten for å etablere en støtteforening. Til møtet den 15. juni 1998 møtte 22 personer. Konklusjonen: Det ble utpekt et interimsutvalg som skulle vurdere form og vedtekter mv for et støtteorgan Interimsutvalget bestod av Nils Pilskog, Ola Pilskog, Lars Brandal, Webjørn Landmark og Bjarne J Brandal.*

*På det første arbeidsmøte den 30. juni konstituerte utvalget seg med Bjarne J Brandal som leder og Webjørn Landmark som sekretær. Utvalget hadde flere prinsipielle spørsmål om navn og formål mv som det var naturlig å få Museets syn på. I skriv fra Styret datert 4. august og undertegnet av Henrik Landmark fikk Interimsutvalget Museet syn. Henrik døde som kjent 9. august. I det videre arbeid la arbeidsutvalget til grunn de synspunkter som Henrik ønsket.*

*Museumsstyret uttrykte at det kunne virke uheldig at ennå et skutenamn (POLARBJØRN) ble brukt. Styret ønsket også at navnet Ishavsmuseet burde være en del av namnet til støtteorganet.. Museet ønsket videre at "støtteforeningen" skulle være et selvstendig foretak med egne vedtekter uavhengig av selve Museum.*

*Interimsutvalget hadde 3 arbeidsmøter. Den 11. september ble det besluttet å innkalle offentlig konstituerende møte den 10. oktober 1998. Møtet ble kunngjort i pressa.*

*Et fullsatt lokalet vedtok å skipe en Venneforening. Forslagene fra Interimsutvalget ble gjennomgått punktvis og vedtatt. Det ble valgt styre valgkomite og revisor. Det ble vedtatt at det valgte styre, skulle ha funksjonstid fram til ordinært årsmøte i år 2000.*

*Venneforeninga har hatt 8 styremøter og 1 medlemsmøte.*

*Styremøter: 21. oktober 1998 26. november 1998 21. januar 1999,*

*22. februar 99, 23. mars 1999 27. april 1999 12. november 1999*

*Medlemsmøte: 30. april 1999*

### **3 MEDLEMMER**

*Det er utarbeidet materiale til verving av medlemmer. Antall medlemmer (enkeltperson og familiemedlemmer) ved årslutt er meir enn 500. I begynnelsen var forskjellige innsamlingsaksjoner på gang samtidig. Det oppstod tvil om innbetalinger.. Var det kronerulling, eller kontingent til Venneforeninga ?. I forståelse med Museet ble medlemsvervning til Venneforeninga for en periode derfor dempet noe ned.*

### **4 VIRKSOMHET – AKTIVITETER.**

#### **SVALBARDMUSEET.**

*Som det er lagt merke til har den sterke historiske tilknytning mellom Brandal og Ny Ålesund resultert i en egen avdeling for Svalbard aktiviteter.*

*Venneforeninga ved Ottar Brandal har hatt ledelsen av det håndverksmessige arbeide. Johannes Alme for valg, fremskaffelse og realisering av det faglige arbeid. Venneforeninga har dekket materialutgiftene. Etableringen har skjedd i nært samarbeid med Museet.*

#### **A) DUGNADSARBEIDE GENERELT.**

*Ledelse.*

*Venneforeninga og Museet konkurrerte til dels om samme arbeidskraft, noe som kunne slå uheldig ut. Museet og Venneforeninga ble enig om å søke å få felles ledelse. Det var enighet om at man ønsket å spørre Liv Skarbakk om hun ville påta seg oppgaven. Liv Skarbakk tok utfordringen.*

*Dugnadsarbeid*

*Det utført et betydelig og imponerende dugnadsarbeid. Det er lite gjørlig og hensiktsmessig å skille mellom arbeid direkte utført av selve Museet og i regi av Venneforeninga. Dugnadsarbeidet har vært opprydding utendørs og innvending. I den senere tid har den store og langvarige innsats vært knyttet til Aarvak. Aarvak er malt utvendig, mast, winsj og bom skorstein, keising er rustbanket og mønjet. Dekket er tettet og smurt med flere strøk. Det har vært visse lekkasjer. Tettingsarbeidet pågår fortsatt.*

*Etter et omfattende ryddearbeid vil man mest iøynefallende legge merke til det som har skjedd innvendig.. Maskinrom og messe er vasket og rengjort. Hovedmaskina og hjelpermotorer er fikset opp og i drift. Det er varme i byssa. Arbeid med*

*lasterom og lugarer akterut er påbegynt. Her gjenstår store utfordringer.*

*Til tider har det vært 8-10 personer i arbeid. Dugnadsleder Liv Skarbakk serverer nykøkt suppe og ferskt brød (maten betalt av Venneforeninga) kl 1200. Da kommer Webjørn med nykøkt kaffe. Det har utviklet seg et imponerende fint dugnadsmiljø som foruten det arbeid som gjøres har det trivelig sammen.*

*Like før den offisielle åpning av museet i april 1999 ble hele museet vasket ned. Dugnadsgjengen med folk fra begge kjønn startet i første etasje og fortsatte oppover. Du snakker om entusiasme.*

#### **KJØP – ANSKAFFELSE.**

*Venneforening har i samarbeid med Museet anskaffet over 200 stablestoler. Det var en stor lettelse å slippe å basere seg på lån med alt ekstraarbeid det medførte. Det er kjøpt diverse utstyr, noe også som gaver. Det nevnes:*

*Støvsuger, kaffetrakter, og et 10 talls kaffekanner. Til Aarvak diverse tauverk og håndverksutstyr.*

#### **HAKAPIKENE**

*På styremøte den 26. november 1998 reiste Liv Skarbakk spørsmål om Museet burde ha sitt eget Museumsorkester. I forståelse med Museumsledelsen ble dette forslaget hilst velkommen. HAKAPIKENE er som kjent allerede en realitet som har gjort seg bemerket. De har vært i ilden ved en rekke anledninger. Premieren hadde HAKAPIKENE på Venneforenings medlemsmøte den 30. april 99. De er blitt så ettertraktet – også utenfor ISHAVSMUSEET at det har vært nødvendig å lage visse begrensninger. Etter avtale mellom HAKAPIKENE og Venneforeninga er det enighet om å begrense deres aktivitet til Ishavsmuseet og miljøet rundt.*

#### **VENNEBLADET**

*På styremøte den 26.november 1998 ble spørsmål om informasjon til medlemmene diskutert. Johannes Alme foreslo at vi fikk vårt eget organ – et medlemsblad Han tilbød seg å dra dette i gang. som redaktør. Han forutsatte at resten av styret bidro med aktuelt stoff og bistand for øvrig.*

*Vennebladet er nå utgitt i tre nummer. Navnet Vennebladet er et arbeidsnavn. Det foreligger flere forslag til annet navn uten at det er tatt standpunkt. I siste runde står valget mellom Isflora eller Isflaket.*

*Det er inngått avtale med Museet om at Vennebladet også er informasjonsorgan for selve Ishavsmuseet som får spalteplass. Museet har bistått med kopiering. Karl Ivar Kongshaug og Liv Skarbakk har besørget utsendelsen.*

#### **BILDE OG FILMARKIV.**

*Museet har et stort antall bilder og en samling filmer. Mye av bildene er ikke identifiserte. I 1999 var en gruppe under ledelse av Ottar Brandal i sving med å identifisere og*

*katalogisere bildene. Her ligger det nye utfordringer og u gjort arbeid.*

**ORIGINAL KONTIKI FILM.**

*Fra Ruth og Oddvar Olsen, Ørsta har Museet fått som gave originalfilmen (ikke tekstet) fra KONTIKI ekspedisjonen. Deres venn krigshelten Torstein Raaby deltok på ekspedisjonen. Oddvar Olsen har flere år som selfanger på brandalsskuter, deltatt sydpolekspedisjon og har flere overvintringer på Jan Mayen.*

**PERSONINTERVJUER.**

*Det er mange eldre gjenlevende personer som har betydelig kunnskap og erfaring fra ishavsvirksomhet – kunnskap som vil gå i graven med personene. I samarbeid med Museet er det drøftet et opplegg som tar vare på intervjuarbeid. Det er gjort visse tanker og forberedelser om hvordan dette skal skje. Prosjektet har imidlertid ikke vært satt ut i livet.*

*Dette er en viktig utfordring for realisering for styret i arbeidsåret 2000. Det haster. Intervjuobjektene blir ikke yngre.*

**ISHAVSKLUBBEN 1969.**

*I 1969 ble det i Oslo etablert en ishavsklubb under navnet ISHAVSKLUBBEN 1969. Medlemmer var overvintrere fra Jan Mayen, Bjørnøya og Hopen. De første årene var klubben særdeles aktiv med flere hundre medlemmer. Klubben var basert på ”Man only”. Etter hvert gikk overvintringen på ishavsstasjonene til å bli halvårlig utvidet bruk av fly. Det ble også overvintring av begge kjønn. Klubben gikk inn i en hvileperiode.*

*På styremøte den 26.november 1998 ble det diskutert om det var grunnlag og ønskelig å blåse nytt liv i klubben og henlegge sekretariatet i tilknytning til Ishavsmuseet på Brandal. Det er flere interessante ting vedrørende Øst Grønland som vekker interesse og tas vare på.*

*A�deling for materiell og informasjon fra Ishavsstasjonene.*

*Ishavsmuseet har antydet mulighet for å finne plass til samling av materiale fra ishavsstasjonene i en egen avdeling i fjerde etasje. Her ligger det utfordringer.*

*ISHAVSKLUBBEN av 1969 er inne i en periode med revitalisering der ajourføring og oppdatering av vedtekter og valg av et nytt styre er på gang. Det er interesse for å legge sekretariatet i tilknytning til Ishavsmuseet. Man mangler imidlertid noen i Ishavsmuseets umiddelbare nærhet som er villig til å påta seg sekretariatarbeidet, i første rekke føring av medlemskartotek. Grunnlaget foreligger på datadiskett.*

**INTERNETT.**

*Det foreligger interessant tilgjengelig informasjon om ishavsbymgia Brandal og ishavsmuseet på Internett. Bidragsytere til dette arbeid er Hareid kommune, Jostein Hovland og Åshild Nøringset.*

Museet har egen hjemmeside på: [WWW.museumsnett.ishavsmuseet.no](http://WWW.museumsnett.ishavsmuseet.no)

Ishavsmuseet har ikke funnet å kunne investere midler til et oppdatert dataanlegg som også tilfredsstiller Internett.

På styremote 12.11.99 besluttet Venneforeninga å bevilge et beløp til et ssårt tiltrengt nytt dataanlegg. Det allerede i funksjon med tilknytning til Internett. E-mail adressen er: [ishavsmw@frisurf.no](mailto:ishavsmw@frisurf.no)

Venneforeninga har også sin E-mail adresse: [ishavsmv@c2i.net](mailto:ishavsmv@c2i.net)

Anbefalinger til Museet.

Styret i Venneforeninga har drøftet flere spørsmål der det er gitt anbefalinger til Museet:

-Museet burde snarest knytte seg til INTERNETT. Ikke minst er det viktig å komme fort i gang aht utlendinger som planlegger norgesbesok.

-Utarbeidet formular for dugnadsarbeid (arbeidsbeskrivelse, ressursbehov og ledelse) for prosjekter av en viss størrelse.

-Spørsmål om bruk av museumslokalene.

-Beskyttelse av særdeles utsatte viktige gjenstander mot skade.(Utlendinger viser ofte stor tilbøyelighet til å skaffe seg hårdotter og treflisser som suvenir. Likeledes nedlegge forbud mot at mindreårige barn ukontrollert ferdes uten tilsyn.

SANDEMESSA 21. – 22 nov 98.

Deltagelse på Sandemessa lørdag 21 og søndag 22. november. Hele styret og flere medhjelpere trådte støttende til. Standen til ISHAVSMUSEET ble gitt hederlig omtale og som den eneste vist bilde av i Sunnmørsposten. Oppvisningen av de vakre damer ikledd selskinnekvipasje vakte oppmerksomhet. Det ble solgt en god del selprodukter og vernet nye medlemmer. Noen tusenlapper ble det også i kassa til Museet. Det er utarbeidet en evalueringssrapport.

## 5 ØKONOMI – ADMINISTRASJON

Medlemsregister.

Administrasjon ble opprettet like etter skipinga. Kassererer Hilde Landmark utarbeidet et velegnet data – medlemsregister. som senere er overtatt og vedlikeholdt av Karl Ivar Kongshaug.. Venneforeninga har konto både i Postbanken og Sparebanken Møre. Sparebanken Møre forvalter medlemsinnbetalinger og har ytt gratis assistanse langt utover hva normalt er for vanlig bankvirksomhet.

Regnskap.

Vi har vært så heldig at Karl Ivar Kongshaug også har sagt seg villig til også å føre regneskapet.

LOGO – NAVN

Det har helt fra begynnelsen vært arbeidet med utkast til logo og navn til Venneforeninga og Vennebladet. Flere alternativ foreligger og er til dels tatt i bruk ”på prøve”.

## 6 SAMARBEIDET MELLOM ISHAVSMUSEET OG VENNEFORENINGA.

Grenseoppgangen mellom Museet og Venneforeninga har på visse felt vært noe uklar. Den 10. november var det et arbeidsmøte mellom Museet og Venneforeninga der samarbeidet ble drøftet. Det nevnes.

-Viktige eller prinsipielle saker fremsettes skriftlig, gjerne etter forutgående muntlige drøftelser.

-Museet vil bedre sin informasjon og bruke Vennebladet til kunngjøringer og annen konkret informasjon.

-Kjøp og anskaffelser foretas etter et system som er vedtatt som egen sak.

-HAKAPIKENE blir tatt med på råd vedrørende planlagte arrangementer og ved evt nye konseptutviklinger

-Dugnadsarbeidet koordineres ved felles leder.

## 7 LITT OM FREMTIDEN.

Som det framgår foran er det en rekke oppgaver som er påbegynt og som må videreføres. Flere oppgaver venter på å finne sin løsning.

På nevnte møte med Museumsledelsen den 10 november ble det opplyst at det arbeides med planer om utnyttelse av lokale i første etasje som i dag er lager og tilsvarende for ledig plass i 4. etasje. Venneforeninga hilste disse tanker velkommen og ønsket å bli orientert og tatt med på råd.

ISHAVSMUSEET ønsket at Venneforeninga foreslo en 4 – 5 felt / prosjekter som den kunne tenke å engasjere seg i spesielt. Dette innspill er under drøftelse. Det vil stå sentralt i oppstartingen av Venneforeningas arbeide for det nyvalgte styre i mars.

-Venneforeninga har ellers påtatt seg å tette, smøre og fikse litt på Bakkenaustet som nå er blitt en del av Ishavsmuseet.

Det gjenstår en del beplantningsarbeid på oversiden av Museumsbygningen som Venneforeninga vil ta seg av.

Brandal 16. februar 2000.

Lars Brandal Bjarne J Brandal Arnfinn Karlsen

Johannes Alme Liv Skarbakk Ottar Brandal Hilde Landmark

## ÅRSMØTE ISHAVSMUSEET 18.MARS 2000.

### *Innstilling fra Valgkomiteen*

*Valgkomiteen har bestått av : Nils N Pilskog. leder*

*Ola Pilskog, medlem*

*Kjellrun Veiseth, medlem*

*Følgende er ikke på valg idet de sist ble valgt for 2 år:*

*Lars Brandal og Arnfinn Karlsen*

*Det skal velges: Leder for 1 år*

*2 styremedlemmer for 2 år*

*1 første vararepresentant for 1 år*

*1 andre vararepresentant for 1 år*

*Revisor.*

*Velges for 1 år*

*Valgkomite bestående av leder og 2 medlemmer velges for 1 år.*

*Valgkomiteens forslag:*

*Leder : Gjenvalg av Bjarne J Brandal*

*Styrerepr for 2 år Liv Skarbakk*

*Hermann Bakke*

*1. vararepr Ottar Brandal*


*2. " Brit Eilertsen*

*Revisor: Gjenvalg av Oleif Eiken*

*Valgkomiteen: Gjenvalg.*

*Hareid / Brandal 10 . februar 2000.*

*Ola Pilskog(sign) Nils N Pilskog(sign) Kjellrun Veiseth(sign)*



## Ishavsmuseets Venner

### Årsregnskap for 1999

<i>Medlemskontingent i følge lister 210 enkle</i>	<i>21.000,-</i>
<i>96 familie</i>	<i>19.200,-</i>
<i>3 bedrifter</i>	<i>1.500,-</i>
<i>Annonseinntekter</i>	<i>1.900,-</i>
<i>Renteinntekter</i>	<i>458,16</i>
 <i>Støtte til Ishavsmuseet</i>	<i>29.894,29</i>
<i>Vennebladet –porto etc.</i>	<i>3.600,18</i>
<i>Administrasjon – bankgebyr etc.</i>	<i>2.699,61</i>
<i>Overført i nytt regnskap</i>	<i>7.864,08</i>
 <i>Saldo i Sparebanken Møre 31.12.99</i>	<i>6.224,08</i>
<i>Saldo i Postbanken                   31.12.99</i>	<i>1.640,00</i>
 <i>Sum Bankbeholdning</i>	<i>7.864,08</i>

-----0000-----

### ÅRSMØTET 18. MARS 2000. BUDSJETTFORSLAG.

#### *Inntekter.*


<i>Medlemskontingent</i>	<i>kr. 50.000.-</i>
<i>Andre inntekter</i>	<i>" 10.000.-</i>
<i>Gaver</i>	<i>" 5.000.-</i>
	<i><u>kr 65.000.-</u></i>

#### *Utgifter.*


<i>Buitgifter til støtte for dognadsarbeid</i>	<i>Kr 15.000.-</i>
<i>Kjøp – anskaffelser</i>	<i>" 10.000.-</i>
<i>Venneforeningas sekretariat</i>	<i>" 10.000.-</i>
<i>Vennebladet, 4. nummer</i>	<i>" 10.000.-</i>
<i>Prosjektutgifter</i>	<i>" 15.000.-</i>
<i>Diverse</i>	<i>" 5.000.-</i>
	<i><u>Kr 65.000.-</u></i>

-----0000-----

B



Vedlagt dette nummer av ISFLAKET finn  
du giroblankett for betaling av medlems  
kontingenten for år 2000. Vennligst bruk  
denne for å fornye ditt medlemsskap i  
Ishavsmuseets Venner. Takk for at du vil  
vere med å støtte oss også dette året.



Denne utgåva av ISFLAKET er utgitt med støtte frå:

# POLARGODT AS

6070 Tjørvåg

Motaksstasjon for ishavsprodukter!

Produksjon av hundefor basert på tørkede selprodukter

Sal av selbiff i forbrukar pakningar

Sal av frose selspekk til polar og trekkhundar

**TØRKERI - FRYSERI - PRODUKSJON**